

Johan Lygre
Lurevegen 1535
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 23/19902

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
10.03.2023

Løyve til felling av grågås som gjør skade - gbnr 57/5,1 og 4, Lygren ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 279/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark §3-5. gjev Alver kommune, Johan Lygre skadefellingsløyve til 6 grågås på beite og slåttemark på gbnr: 57/5,1 og 4, Lygren ytre.

Løyvet plikter at dei førebyggande tiltak til stansning eller avveging av skaden i rimeleg utstrekning heldt fram samstundes med skadefellinga. Det vert oppfordra til at skadefellinga vert kombinert med at det vert lagt ut frimårde der gåsa fritt kan beite for å auka effekten av skadefellinga.

Skadefellingsløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal tas ut skadegjerande individ i det området der skaden er.
- Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet.
- Det vert hovudsaklik skutt gås ut av flokke for størst skremmingseffekt.
- Løyvet gjeld fram til 20. april 2023.
- Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som uttaket er avslutta eller seinast 4 ukar etter løyvets sluttdato.
- Avtale med grunneigar er eit krav for at skadefelling skal kunne gjennomførast.
- Uttaket skal følge FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

Grunngjeving går fram av saksutgreiing

Saka gjeld:

Johan Lygre søker i brev dagsett 03.03.2023 om skadefellingsløyve til grågås. Det er søkt om å ta ut grågås på gbnr. 57/5, 1 og 4, Lygren Ytre i Alver kommune for nødvendig å stanse eller avverge skade på avling.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Gåsa gjør vesentleg skade på slåttemark og i beitene til sau og storfe. Dette gjeld spesielt på grøne områdar nær sjø på gbnr. 57/5 og 4. Det belasta område gjeld heile Lygra.

Det har vore gjort gjentakande forsøk på manuell skremming utan at skadesituasjonen har vorte stogga eller vesentleg redusert.

Det har vore drive jakt på gås på eigendommen i føregående år.

Dei første fuglane vert observert start mars.

VURDERING:

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7. Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Dei seinare åra har vi sett ei auke i bestand av grågås i vårt område. I dag er jakttida på grågås sett til 10.08 –23.12. Jakttida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å begrense skade på slåttemark og beite. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredingsprinsippet, for å hindre eller begrense avlingstap, og må ikkje true bestandens overlevelse.

I heile Nordhordland er problema med gås et kjent problem. Gåsa startar beiting på slåttemarka tidleg vår og det kan medføra stor skade på enga. I tillegg til redusert avling er det eit stort problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg eller redusera kvalitet på foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gåsa gjer på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden.

Etter forskrifa er eit krav at skaden er eller kan bli av vesentleg økonomisk betydning samt uttaket er eagna til å stanse eller vesentleg begrense skadesituasjonen før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er drift på eigedommane som no søker skadefelling, og avlingstap og redusert forkvalitet utgjer eit vesentleg økonomisk tap for drifta. Det er krav om at det skal vera brukt skadeførebyggja tiltak i rimeleg utstrekning, vurdert ut frå kva verdiar som skal beskyttast og kostnadene ved desse for å redusera skadeomfanget, før ein kan gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det har fungert, gåsa forsvinn ein kort periode, men kjem raskt attende.

Skadefelling er ikkje ei optimal løysing på det aukande problemet med gås i regionen, men i denne konkrete saka vert det vurdert som naudsynt og eagna til å stanse eller vesentleg redusere skadesituasjonen uten at uttaket truer bestandens overlevelse.

I samarbeid med andre belasta bønder på Lygra er gbnr. 58/12 lagt ut som jaktfritt område for gås.

Det vert gjet skadefellingsløyve til søkjar i sesong 2022.

Regelverk

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forsking og dyrepark.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjøvast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/19902

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Johan Lygre

Lurevegen 1535

5912 SEIM